

## **Forskrift om vern av Småge naturreservat, Aukra kommune, Møre og Romsdal**

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1 Føremål**

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. våtmarksområde med ferskvatnet som biotop for fugl, insekt og plantar
- b. har eit særpreget landskap med intakt kystlynghei og hekkeholmar
- c. har særskilt naturvitskapleg verdi ved at det er eit referanseområde for sterkt trua naturtype kystlynghei

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Aukra kommune:4/1, 4/2, 4/3, 4/4, 4/7, 4/37, 4/83, 5/6.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 4982 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

### **§ 3 Vernereglar**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrelegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Utsetting av saltstein og føring er forbode.
- e. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- f. Bålbrenning er forbode.
- g. Telting er forbode.

### **§ 4 Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. beiting
- c. jakt og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- d. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- e. vedlikehald av eksisterande bygningar, vatningsanlegg/vassvegar, stiar og andre anlegg og innretningar
- f. drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg derunder naudsynt istandsetting ved fare for akutt utfall eller akutt utfall
- g. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig

### § 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel

- a. Motorisert ferdsel til lands og i vatn er forbode medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling og riding og bruk av hest er forbode.

### § 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta.

Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy
- b. naudsynt motorferdsel i samband med drift, vedlikehald, fare for akutt utfall eller akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i anlegget sitt naturlege bruksområde. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta

### § 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting og vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. avgrensa bruk av reservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav e
- c. oppgradering av eksisterande vassvegar
- d. naudsynt uttransport av felt hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- e. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- f. merking av nye turstiar og løyper inkludert oppsetjing av informasjonstavler
- g. oppgradering av eksisterande energi- og kraftanlegg og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4 g
- h. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, oppgradering og fornying av eksisterande energi- og kraftanlegg

### § 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

### § 9 Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

### § 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

### § 11 Forvaltningsstyresmakt

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

### § 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig opphevast forskrift 27. mai 1988 nr. 404 om vern av Smågevatnet naturreservat, Aukra kommune, Møre og Romsdal.